

SAK 10-16 ÅRSBUDSJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN 2017 – 2020

Saksopplysning

I tillegg til årleg driftsbudsjett for Regionrådet skal det utarbeidast økonomiplan/handlingsprogram. Bakgrunn for økonomiplan/handlingsprogram er:

- Strategisk plan for Hallingdal
- Årsbudsjett for 2016 og økonomiplan og handlingsprogram for 2016 – 2019, Hallingtinget sak 07/15.

Driftsbudsjettet for 2017

Driftsbudsjettet for 2017 tek utgangspunkt i rekneskapet for 2015, budsjett for 2016 og dei erfaringar ein har med drift av regionrådskontoret.

Totalt er det for 2017 lagt inn ein eigeninnsats på kr. 600.000, som vil bli refundert frå prosjekt.

Tilskot frå kommunane er budsjettert med kr. 1.840.000, som er ei auke på kr. 50.000 frå 2016.

Det er kommunane som i stor grad må dekkje drifta av regionrådet.

Vedlegg 1 syner forslag til driftsbudsjett for 2017.

Vedlegg 2 syner forslag til kostnadsdeling mellom kommunane for 2017.

Post 25699850 Disposisjonfond

Disposisjonsfond var 31.12.2015 på kr. 629.753,87. Her er det pr. 31.12.2015 nytta kr. 139.145,20 til boka "Historia om Hallingdal". Inntekter frå sal av boka skal attendeførast til disposisjonsfondet. Finansiering av folkehelsekoordinatorstilling 2015 med kr. 190.244,00 er teke frå disposisjonsfond, vedtak Regionrådet sak 08/15. Det er forventa at "Historia om Hallingdal" vil gå i balanse.

I sak 07/15 rådde Hallingtinget til at Regionrådet sitt disposisjonsfondet minimum skal vera kr. 1.000.000 ved starten av året:

- *Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.1.000.000 ved starten av året.*
- *Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.*
- *Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.*

Strategisk plan for Hallingdal

Strategisk plan for Hallingdal er den overordna planen for arbeidet til Regionrådet. Det må likevel vera rom for å kunne støtte tiltak som kjem opp undervegs sjølv om det ikkje er ein del av denne. Når det gjeld gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal og finansiering av desse skjer dette m.a. via avsette midlar frå det regionale næringsfondet, partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune og tilskot frå kommunane.

Utviklingsmidlar frå Buskerud fylkeskommune (partnerskapsavtale) er for 2016 på kr. 1.855.000. Tidlegare har denne potten vore i storleik 2,5 mill. pr. år. For 2017 vil det ut frå forslag til statsbudsjett ikkje vera att så mykje av desse midlane.

I tillegg står det midlar i det regionalt næringsfond på. kr. 4.717.666.

Etter avtale med Buskerud fylkeskommune skal disse midlane vera nytta innan utgangen av 2019.

Det blir og arbeid kontinuerleg via heile verkemiddelapparatet, for å styrke finansieringa av prioriterte tiltak. Som døme i 2015:

- Byregionprogrammet
- Breibandutbygging
- Program «Verdiskaping og næringsutvikling i fjellområdene»

Strategisk plan for Hallingdal vil kunne ha tiltak som blir gjennomført av Regionrådet eller Rådmannsutvalet, og det er tiltak som det kan vera naturleg at Regionrådet og Rådmannsutvalet samarbeida om. I tillegg kan det vera tiltak som eksterne har ansvaret for.

Samandrag økonomiplan 2016 – 2019 (2015-kroner)

TILTAK	2017	2018	2019	2020
Driftsbudsjett	2.674.000	2.674.000	2.674.000	2.674.000
Disposisjonsfond	-	-	-	-
Tiltak Strategisk plan (eksternt og internt)	3.277.666	3.170.000	3.170.000	1.600.000
SUM	6.051.666	5.844.000	5.844.000	4.274.000

Finansiering

TILTAK	2017	2018	2019	2020
Kommunane, driftsbudsjett	1.840.000	1.874.000	1.924.000	1.974.000
Eigeninnsats	600.000	600.000	600.000	600.000
Renter	234.000	200.000	150.000	100.000
Kommunane, disposisjonsfond	-	-	-	-
Kommunane, tiltak Strategisk plan	800.000	800.000	800.000	800.000
Fylkeskommunen, tiltak Strategisk plan	1.000.000	800.000	800.000	800.000
Regionalt næringsfond	1.577.666	1.570.000	1.570.000	0
SUM	6.051.666	5.844.000	5.844.000	4.274.000

Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at Hallingtinget gjer slikt vedtak:

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2017, med ei kommunal finansiering på kr. 1.840.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2017, frå kommunane i Hallingdal.
3. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2017 – 2020. Innanfor fastsatt økonomisk ramme, får Regionrådet for Hallingdal fullmakt til å vedta handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal for 2017.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.1.000.000 ved starten av året. For 2017 rår Hallingtinget til at det blir løyvd kr. 200.000 for å dekke opp bruk av fondet i 2015.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettet. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.

Ål 18.10.2016

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Forslag til driftsbudsjett for 2017.

Vedlegg 2: Forslag til kostnadsdeling, mellom kommunane for 2017.

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL, DRIFTSBUDSJETT FOR 2017

KONTO TEKST	BUDSJETT FOR 2017	BUDSJETT FOR 2016	REKNESKAP FOR 2015
ADMINISTRASJON			
10100 Løn	1 470 000	1 425 000	1 305 599
10990 Arbeidsgjevaravgift	156 000	152 000	154 372
10900 Pensjon	200 000	260 000	144 721
11900 Husleige	85 000	80 000	106 176
11301 Telefon	10 000	15 000	9 993
11300 Porto	3 000	3 000	2 250
11000 Kontorrekvisita, tidskrift, faglitt.	10 000	15 000	3 404
12000 Inventar og utstyr	10 000	10 000	17 859
11501 Reiseutgifter, adm.	60 000	80 000	44 305
11151 Møteutgifter	15 000	15 000	12 855
11500 Kurs, konferansar	10 000	10 000	
11402 Brevark, konvoluttar, logo, profilering	20 000	5 000	17 150
11950 Kontingent (Fjellregionsamarbeidet)	70 000	65 000	65 000
11951 Lisensavgifter	60 000	50 000	61 932
11209 Ymse utgifter administrasjon	15 000	15 000	6 865
13750 Rekneskapsføring/revisjon, konsulent	35 000	45 000	18 323
15500 Avsetning til bundne fond	0	0	165 040
SUM ADMINISTRASJONSKOSTNADER	2 229 000	2 245 000	2 135 844
POLITISK DEL			
10800 Godtgjersle leiar	45 000	45 000	40 000
10801 Møtegodtgjersle	40 000	30 000	36 400
10990 Arbeidsgjevaravgift	9 000	9 000	8 098
11151 Bevertning	80 000	90 000	58 412
11501 Reiseutgifter	50 000	50 000	29 021
11209 Ymse utgifter Regionrådet	35 000	30 000	29 575
12700 Konsulenttenester og juridisk bistand	10 000	15 000	5 000
14700 Tilskot "Dølaminne"	6 000	6 000	6 000
11500 Regionrådskonferanse	10 000	0	0
Drift Hallingdal Ungdomsråd	160 000	160 000	160 000
SUM UTGIFTER REGIONRÅDET	445 000	435 000	372 506
TOTALE KOSTNADER	2 674 000	2 680 000	2 508 350
INNTEKTER			
17500 Frå kommunane etter fordeling, drift	1 840 000	1 790 000	1 740 000
3999 Eigeninnsats prosjekt, refundert	600 000	630 000	524 000
19000 Renter av bankinnskott	234 000	260 000	244 350
19400 Bruk av disposisjonsfond	0	0	0
SUM INNTEKTER	2 674 000	2 680 000	2 508 350

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

FORDELING AV KOSTNADER 2017

FORDELING AV KOSTNADER TIL DRIFT:

30 % etter deltakarer i regionrådet

70 % etter folketal (berekna 1.7.2016)

BUDSJETT 1 840 000

FORDELING KOSTNADER STRATEGISK PLAN

Fordeling er gjort etter folketal 1.7.2016

BUDSJETT 800 000

DISPOSISJONSFOND

Fordeling er gjort etter folketal 1.7.2016

BUDSJETT 200 000

KOSTNAD PR. KOMMUNE:

KOMMUNE	INNBR.	1.1-30.6	1.7-31.12	DRIFT	STR.PLAN	DISP.FOND	TOT SUM
Flå	1081	79 466	79 466	158 932	41 573	10 393	210 899
Nes	3405	151 414	151 414	302 828	130 949	32 737	466 514
Gol	4610	188 719	188 719	377 438	177 291	44 323	599 051
Hemsedal	2449	121 818	121 818	243 635	94 183	23 546	361 364
Ål	4726	192 310	192 310	384 620	181 752	45 438	611 810
Hol	4531	186 273	186 273	372 546	174 252	43 563	590 362
SUM	20802	920 000	920 000	1 840 000	800 000	200 000	2 840 000

Ål 18.10.2016

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar